



Høringsbrev - forskrift om rapportering av talet på born og årsverk for private barnehagar i Etne kommune

Etne kommune legg med dette fram forslag til forskrift om rapportering av tal på born og årsverk for private barnehagar i Etne kommune ut på høyring og offentleg ettersyn.

Bakgrunn

Kunnskapsdepartementet fastsette 23. mars 2026 ny forskrift om finansiering av private barnehagar. Frå tilskotsåret 2027 gjeld nye reglar for finansiering av private barnehagar.

Etter finansieringsforskrifta kan kommunane fastsetja lokal forskrift om rapportering av tal på born og årsverk, mellom anna ved å fastsetja fleire teljetidspunkt i løpet av tilskotsåret.

Etne kommune har sidan 2013 nytta ein ekstra teljedato 15. august som grunnlag for justering av tilskot til private barnehagar. Kommunen foreslår å vidareføra denne ordninga.

Som følgje av den nye finansieringssystemet skal det frå 2027 også rapporterast tal på årsverk ved dei same teljepunkta. Opplysningane skal nyttast som grunnlag for berekning av pensjonstilskot til den private barnehagen.

Føremål

Føremålet med forskrifta er å fastsetja lokale reglar for rapportering av tal på born og årsverk som skal nyttast ved berekning og justering av kommunalt tilskot til private barnehagar i Etne kommune.

Forskrifta skal bidra til ei føreseieleg, rett og etterprøvbar tilskotsforvaltning i samsvar med gjeldande regelverk.

Rettsleg grunnlag

Forslag til forskrift er lagt ut til offentleg ettersyn i høyringsperioden. Høyringsbrevet og forskriftsutkastet er tilgjengeleg på Etne kommune si nettside. Dokumenta kan også gjerast tilgjengelege ved førespurnad til kommunen.

Offentleg ettersyn

Forslag til forskrift er lagt ut til offentlig ettersyn i høringsperioden. Høringsbrevet og utkast til forskrift er tilgjengeleg på Etne kommune si heimeside. Dokumenta kan også gjerast tilgjengelege ved førespurnad til kommunen.

Innspel til høyring

Kommunen ber særleg om innspel til:

- Om forskrifta er tydeleg og lett å forstå
- Om dei foreslåtte teljetidspunkta er formålstenlege
- Om det er behov for presiseringar eller justeringar i forskrifta

Innspel kan sendast til:

E-post: post@etne.kommune.no

Postadresse: Etne kommune
Sjoarvegen 20
5590 Etne

Høringsfrist og vidare prosess

Høringsfrist er sett til 25. september 2026.

Etter høringsfristen er ute, vil kommunen vurdere innspela som er komne inn. Ei oppsummering av høringsinnspela og kommunen sine vurderingar vil bli lagt fram i samband med politisk behandling av saka.

Det vert lagt opp til at kommunestyret handsamar forskrifta i møte 27. oktober 2026.

Kjelder

[Forskrift om finansiering av private barnehager \(finansieringsforskriften\) - Lovdata](#)

[Ny forskrift om finansiering av private barnehager - regjeringen.no](#)